


Af

Eko!

HAVFORSKNINGS



NYTT

Nr. 5 - 1998

Fiskeridirektoratets  
Bibliotek

22 SEPT 1998

## Betre pris med flyndretrål og levande lagring

**Havforskningsinstituttet i Bergen og Fiskeriforsking i Tromsø samarbeider om forsøk for å få større verdiar ut av flyndrefisket. Eit meir effektivt snurrevad, tankar for levandelager ombord i fiskefartøya og ein merd der flyndra har vorte lagra opp til tre veker er resultata. På den måten er det mogeleg å ha jamnare tilførsel av flyndre på marknaden og prisen til fiskar vil også verta høgare. På fiskeaukasjonar i Danmark vert raudspette omsett for opp til 25 kroner per kilo, og lomra heilt opp til 60 kroner for kiloen.**

Utgangspunktet for forsøka, som har vore gjort i Vesterålen våren 1996 og hausten 1997 og utafor Aust-Finnmark hausten 1996, er kunnskapen om at raudspette er forholdsvis hardfør og lett å halda i fangenskap. Såkalla mellomlagring av levande fisk for å få betre marknadsdekning og høgare pris har vorte gjort med hell for andre fiskeartar.

### Meir fisk med tung sabb

Snurrevadfiske etter raudspette har vore tilpassa fiske på sandbotn der raudspetta held seg. Denne spesielle "flyndretrålen" samlar fisk langs botnen og får med seg dei fleste flyndrene der sandbotnen er utan stein. Ved å montera ein tung sabb, eit 5-6 toms blytau, på snurrevaden, vert fisket meir effektivt og fangstane større.

### Steinen ut gjennom underpanelet

I forsøka som Havforskningsinstituttet har gjort med denne sabben og fiske på meir steinete botn, viste det seg at det kom stein i trålposen. Det går ut over både fangst og reiskap. Forsøksfisket vert overvaka ved hjelp av videokamera slik at det er

lett å fylgja med på korleis fisken oppfører seg. I 1997 vart flyndretrålen med sabb vidareutvikla ved at det vart montert inn to-meters masker i underpanelet i snurrevaden like bak fiskelina. Videoopptaka stadfestar at ein då vert kvitt steinen.

– Tapet av fisk gjennom dei store maskene var lite, og kan truleg gjerast endå mindre ved ytterlegare utprøving, meiner forskar Bjørnar Isaksen ved Havforskningsinstituttet.

Når stein vert sortert ut av snurrevaden, kan reiskapen brukast på meir steinete botn. Der får ein også lomre, som er meir etterspurd og betre prisa enn raudspette, spesielt på den danske marknaden.

### Lagertankar ombord

I dei første forsøka vart det prøvt å lagra flyndra i "Gadustankar" ombord i fartøyet. Sjølv om flyndra er hardfør, vart det for lite oksygen når tankane vart fylte med fisk og vatnet kom inn via perforeringar i botnen på tanken. Med forbetra tankar har ein utan problem greidd å lagra opp til

700 kilo fisk pr kubikkmeter i opp til tre døger. I praksis er det meir enn lenge nok.

### I flatbotna merd

Det er Fiskeriforskning i Tromsø som er ansvarleg for lagringsforsøka i merd der flyndra vert overført frå tankane i fartøya. I samarbeid med reiskapsfabrikken Refa A/S er det utvikla ein flatbotna merd som er 1,5 meter djup og 16 meter i diameter. I ein slik merd vart det lagra omlag 4 tonn fisk. I utgangspunktet rekna ein med at lagringa kunne vara i inntil to veke, men det viste seg at tre veke var heilt problemfritt. Flyndra vert ikkje føra, men ho går likevel ikkje nemnande ned i vekt.

### Matfisk i Danmark

Både raudspette og lomre er meir brukt som matfisk i Danmark og Storbritannia enn her i landet. Særleg Danmark kan verta ein viktig marknad for levande lagra raudspette og lomre. Flyndrefiske er avhengig av vær og sesong. Ved hjelp av lagring kan ein utvida salstida og dermed marknaden monaleg.

Statistikken frå Fiskeridirektoratet viser at den samla norske fangsten av raudspette på 1960 og



To meters masker i underpanelet i snurrevaden sorterer ut stein. Tapet av fisk gjennom dei store maskene var lite, og kan truleg gjerast endå mindre ved ytterlegare utprøving (Foto: Bjørnar Isaksen, Havforskningsinstituttet).

-70 talet var på mellom 700 og 1.500 tonn i året. I 1990-åra har dei årlege fangstane variert frå vel 1.100 til nær 2.500 tonn. I 1996 og 1997 viser førebels tal vel 1.700 og i underkant av 2.500 tonn i totalfangst. Dei to siste åra har fiskaren fått betalt omlag 11 kroner pr kilo. Lomrefisket her i landet har lite omfang. Frå 1990, med ein registrert fangst på 6 tonn, har det auka jamnt til i underkant av 60 tonn i 1997. Dei to siste åra har gjennomsnittsprisen til fiskar lege på kring 15 kroner pr kilo.

På fiskeauksjonar i Danmark vert raudspette omsett for opp til 25 kroner per kilo. Den ikkje så vanlege, men vel så velsmakande lomra, har vorte betalt med opp til 60 kroner for kiloen.

### FAKTA

#### Raudspette og lomre

Raudspette (*Pleuronectes platessa*) er den vanlegaste flyndrefisken i norske farvatn. Det er ein godt kjend matfisk i det meste av Europa med hovudutbreiing i Nordsjøen. I Noreg finst raudspette på sandbotn på grunt vatn langs heile kysten.

Lomre (*Microstomus kitt*) er også vanleg i heile Nord-Europa. Denne flyndrearten lever på hard stein- og grusbotn frå 10 til 200 meter djup.

**Kontaktperson:** Bjørnar Isaksen, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressursar, Boks 1870 Nordnes, N-5024 Bergen. Telefon: +47 55236800. Telefaks: +47 55236830. E-post: Bjoernar.Isaksen@imr.no